
Vår referanse 2020/40406-3
Dato 10.07.2020

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Uttale - Dispensasjon frådeling - Fv. 564 - Gnr 345 bnr 13 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune som vegstyresmakt syner til brev motteke 11.05.2020 med ovannemnde søknad til uttale.

Kva saka gjeld

Det er søkt om frådeling av parsell på gnr. 345 bnr. 13 i Alver kommune som krev dispensasjon frå plankrav og planføremaal i kommuneplan for Meland.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel for Meland (KPA) er definert som B_13 - Framtidig bustadføremaal. Ein liten del av parsellen på ca. 260-300 m² ligg i område som er avsett til friområde i KPA.

Uttale

Vestland fylkeskommune som vegstyresmakt syner til *PBL 27-4: Atkomst*
Før opprettelse eller endring av eiendom til bebyggelse eller oppføring av bygning blir godkjent, skal byggetomta enten være sikret lovlig atkomst til veg som er åpen for alminnelig ferdsel eller ved tinglyst dokument eller på annen måte være sikret vegforbindelse som kommunen godtar som tilfredsstillende. Avkjørsel fra offentlig veg må være godkjent av vedkommende vegmyndighet, jf. veglova §§ 40 til 43.

Vi stiller oss kritiske til frådeling av parsell for oppretting av ny grunneigedom som legg til rette for framtidig bustad, då dette vil medføre auka trafikk ut på fv 564, Rosslundvegen. Veggen er i svært dårleg forfatning og har eit prekært oppgraderingsbehov. Den manglar også langsgåande tilbod for mjuke trafikantar nord for Vikebø. Tilbod om trygg skuleveg er såleis ikkje innfridd. Vi vil ikkje ha meir trafikk inn på veggen før denne er utbetra.

Dersom kommunen likevel tillet frådeling og det seinare blir tale om reguleringsplan vil det bli aktuelt å stille rekkjefølgjekrav til utbetring av Rosslundvegen før igangsetting. I dagens situasjon er avkjørsle frå fylkesvegen i området dårleg utforma og det må påreknast utbetring av avkjørsle før igangsetting.

Vi ber om å få saka til klagevurdering når ho er ferdig handsama.

Med helsing

Hege Løvteit
Leiar

Silje Svanevik-Røren
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift